

Gruppeundervisning 2

I. Pronombres personales con preposición

- Når dei personlege pronomena står bak ein preposisjon, brukar vi eigne former for 1. og 2. person singularis (yo > mí, tú > ti), men elles subjektsform.

| <u>preposición</u> | <u>pronombre</u> |
|----------------------|---|
| a, de, en, para, por | <u>mí</u> , <u>ti</u> , él, ella, usted, nosotros |
| sin, contra,... | nosotras, vosotros, vosotras, ellos, ellas, ustedes |

¿Es para mí la postal?

Puedes salir sin nosotros.

No puedo vivir sin ti.

Pienso en ustedes.

- Med preposisjonen *con* brukar vi eigne former - conmigo, contigo - for 1. og 2. person sg.

¿Quieres bailar conmigo?

- Preposisjonen *entre* blir alltid følgt av subjektsform.

Entre tú y yo ya no hay nada.

II. Construcciones valorativas: verb som alltid har indirekte objektspronomen

- Ein del vanlege verb inngår i konstruksjonar der det er eit element (**subjekt**) som skapar ein effekt (ei kjensle, ei stemning, ein reaksjon) på nokon (**indirekte objekt**). Det indirekte objektet er altså den personen som blir råka av verbhandlinga. Subjektet er som regel ein ting, ein infinitiv eller ei setning (men kan også vera person). På norsk uttrykkjer vi som regel dette på ein annan måte.

| <u>OI</u> | <u>verbo</u> | <u>sujeto</u> |
|-----------|--------------|------------------------|
| Me | gusta | el fútbol |
| ¿Te | gusta | bailar? |
| Me | gustan | las gafas de sol |
| Nos | encanta | ir al cine |
| ¿No les | encantan | las clases de español? |

- Når verbet er med, må også det indirekte objektspronomenet alltid vera med i desse konstruksjonane, men vi kan presisere eller understreke kven det er som blir råka av handlinga, ved å leggje til *a* + pronomen eller substantiv:

| <u>OI</u> | <u>verbo</u> | <u>sujeto</u> |
|-----------------------|--------------|-----------------------|
| A mí me | gusta | el fútbol |
| ¿A ti te | gusta | bailar? |
| A los estudiantes les | encantan | las clases de español |

- Dersom vi ikkje har med verbet, har vi heller ikkje med det indirekte objektstpronomenet, men brukar *a* + pronomen eller substantiv:

¿Les/os apetece ir al cine?

- *A mí, sí.*

- *A mí, también.*

- *A mí, no.*

- Fleire verb med denne konstruksjonen:

| | | | | |
|------------------|------------------|-----|-----------|-------------------|
| <i>gustar</i> | | Me | gustan | estos pantalones. |
| <i>encantar</i> | ¿No | te | encanta | esta película? |
| <i>interesar</i> | | Nos | interesa | tu propuesta. |
| <i>apetecer</i> | No | nos | apetece | salir. |
| <i>doler</i> | ¿A ti | te | duelen | las rodillas? |
| <i>preocupar</i> | | ¿Te | preocupan | los exámenes? |
| <i>molestar</i> | A mis padres les | | molesta | la nieve. |
| <i>faltar</i> | Todavía | me | faltan | pruebas. |